


B
Styret i Valdres Folkemusikklag (ein representant frå kvart lokallag)

Andris Kvam, leiar - 2975 Vang - 61367167 - 94144299
Guro Råheim Kvam - 2975 Vang (Valdreskvelven)
Henning Andersen - 2910 Aurdal (Vårflaumen)
Erik Røang - 2930 Bagn (Begnaljom)
Ingebjørg Moe - 2966 Slidre (Vestre Slidre)
Marit Hansegard - 2943 Rogne (Øystre Slidre)
Knut Aastad Bråthen - Nordahl Brunsgr. 22 - 0165 Oslo
(Valdreslaget i Oslo)
Knut Soldal - 2890 Etnedal (Etnedal)
Bente Ingholm Hemsing - 2910 Aurdal (Valdres Folkemuseum)



B

LÅT O' LINK

Meldingsblad for VALDRES FOLKEMUSIKKLAG
Nummer 3 - Desember 1998



INNHOLD

- Nytt frå styret
- Spelemannsskula
- Minneord Harald Røine
- Vårfest på Herangtunet
- Lebokkmoro på museet
- Utmeldingssaka i Valdreslaget
- Aktiviteter i Valdreslaget i Oslo
- Songsamlingar i Valdres Folkemusikkarkiv
- To bokomtaler
- Adresselista styre og lokallag

GOD JUL!

Ein gamal jolesjikk:

"I nerre Dale i Øye i Vang hadde jentone i joli eit jente-gjestedebod hjå kvar. Ein gong var me janvel på Lo, som ligg svært avsides på austsida av Vangsmjøse. Ein bad jentone i heile Nerre Dale til desse lagt. Trakterni var kalle, kakor, vaffel og heimebryggja ol. Husfarene på garden spanderte ofte ein dram på kvar som var med. Når det lei ut i gjestedeboden, kom gutane ubedne, og sa vart det dans."

Rangskilnad ved bordet og elles i jolegjestebodi;

"Det hekk i at det var litt rangskilnad ved bordi også i jolegjestebodi. I hogsetet sat til vanleg bonden og kona hans. Men var det ikkje så stor gard at ein hadde tenestejente, laut kjerringi vera ned og oppvarte, så då kunne ho ikkje sitja med ved bordet. Det gjenvarte i laget, det vil helst sei dei rkaste, og dei som var frå største gardane, sat nærmast husbondfolket"

"Her i Tunegrendi var det ein gong ein som fann på at ein dag i joli bad han dei likaste han meinte, til jolegjestebod. Hün dagen skulle fanten koma og dei mindre likaste. Men då kom det berre nokre fåe.

Sidan hoyrde me aldri gjeie her i Vang at nokon fann på noko slikt meir"

Skrive ned av Knut Hermundstad

SLADRESPALTA - FOR DEG SOM DRIKKER TINE MJØLK!

(eller kjeldarmjølk frå Kvam)

-Knut og Marit, som vart trulova 15 okt., er ikkje lenger trulova. Den triste meldinga kom som eit sjokk på forsamlinga i Låt O'Link.

-Frode; det store kalkunhode, trur dei kondisjonert bur i Aurdal. Han har, som dei fleste veit, kjøpt seg stoor gard i Aurdal.

-Mor til Marit Rolandsgard, Berit f.

Ødegard, Vang, dotter til Eivind Ødegard, son til Berte, tanta til Eivind på Øygårde i Thorpedogardo, feria nyleg 35.. ?! ..nei 50 års dag!! ME GRATULERER (kjelde; Harald Rolandsgard)

-Kvam: Andris, son til Jørgen og Kirsten f. Berge i Skrautvøl, syster til Per gift med Inger f. Skrutvold frå Høldalsgardo. Per har forovrig fiskebu i Røssjøen, ein dugandis kar, skaut ein store hare oppunde Hugakolle utan hund. Haren vog 1,2 kg. og var 63 cm lang, med øyro!
-Sist, men ikkji minst; Henning Andersen, ein sjeggut tapp i frå Aurdal, ynsje se barberhøvel te jol.

Innsamla av leiar i laget, AJK, m.p.p

Sissste nytt:

Bente har kjøpt seg nye vintersko, (Halv pris hjå Skogstad, str. 45.) og Guro og Marit har nye, fine gensarar frå HusCubusFliden. Dei kosta 199(0) kr.

Katten i Kvam stakk tå o vart burte i tre daga, ette at'n vart truga te drikk morsmjølk. Har nokon sett'n? Kjem'n att bin truga te drikke farsmjølk!

Til alle som likar folkemusikk og folkedans!

Mange av dykk var sikker med på spelemansskulen i fjor. Etter at den har ligge nede no i haust, startar med opp att med spelemannsstreff etter jol. For å få koma i gang er me avhengige av at nok deltakrar melder seg. Vonar du vil vera ein av dei!

Spelemansskulen er eit tiltak i samarbeid med Valdres folkemusikklag. Det er meint å femne folkemusikkar i den vidaregåande skulen. Tilboden er ope for alle i heile Valdres. Du har sjansen til å verta kjend med folkemusikkar frå «vindfulle» Vang til skogkledd Begnadalen.

Me nyttar sama strategien som no sist. Eit varmt måltid, stemming av instrument, låtte- og songlære, samspelnummer og ein feiande dans mot slutten av økta. Heisann!! Alt dette vil vere frå klokka 15.30 - 19.00. Kva for vekedag det vert veit me ikkje enno, men det vert i alle fall spelemannstreff annakvar veke.

Dette er først og fremst eit tilbod til deg som spelar hardingfele, langeleik, syng eller spelar toradar. Dette er inga nybyrkjarkurs, så du lyt kunne spele på instrumentet ditt Songtilboden er ope for alle.

Er du interessert så ta kontakt med: Knut Aastad Bråten (61 36 04 43 / 907 68 797), Johanna Fuglesteg (61 34 42 93) eller Henning Andersen (61 36 52 91 / 908 84 108)



Spelemansskula på utflykt til Skiferplassen (Kjell Oppsets plass)

Songsamlingar i Valdres folkemusikkarkiv

Opne songsamlingar er ein del av den utadretta verksamnda i Valdres folkemusikkarkiv. Eg har til sammen invitert til 7 songsamlingar dette året. Det har møtt gjennomsnittleg 10 personar pr. gong, og det har vore retteleg trivelege kyeldar. Alle valdreskommunane har vore representerte, men med hovudvekt av songfuglar frå Nord-Aurdal og Øystre Slidre kommune. Tanken bak er at alt nødvendigvis ikkje må vera kurs, men at det og må gå an å treffast i uformelle og uhøgtidelege samanhenger nettopp fordi ein delar interessa for tradisjonssong. Me syng i lag og lærar nye songar av kvarandre. Det er stor interesse for at songkyeldane skal fortsetje i året som kjem.

DATOAR: Fyrste tysdagen i kvar månad (5. januar, 2. februar, 2. mars)

Fleire datoar kjem i neste nummer av Låt og link.


Inngang til Studiesenteret på nedsida av huset.

Samlingane er for alle som er glade i å syngje - både nybygjarar og vidarekomne! Sett av kyeldane, ta med deg venner og gjer tilbodet kjent.

Ta gjerne med litt bittel til kaffen. Me ordnar kaffe og te.

Inngangspengar: kr. 20,-

Helsing
Bente arkivar



Nyårsfesten på Herangtunet 1998.

Øystre Slidre Spel- og Dansarlag ber inn til fest, i år som i fjor, på sjolvaste Nyårseftan klukka 19.00

Det er ungdomane i laget, med Kristin Gulbrandsen og Marit Karlberg som sjefsreideio, som syter for det tradisjonelle nyårsbildet.

Påmelding kan skje anten til Kristin; tlf. 61342335 eller Marit Karlberg, tlf. 61340477.

Mø ynskji alle store o små
hjarteg velkomme te ball med bål
Triveleg bordsæte, dans o læte
bakils o dram o anna væte

I å slepp do balle me maten sjøl
no vil mo servere vårt eie sol

Rakfisk o lefse o spekjimat
Eggerøre, rømme o potetsalat
(...o flatbrod)

Pris kr. 150,- for voksne
kr. 50,- for barn under 15 år

Påmelding innan 24.desember



Utmeldingsaka i Valdreslaget.

Som mange av dykk kanskje vcit, er Valdreslaget for tida oppteken av ei svært viktig sak, nemleg sporsmålet om utmelding av Noregs Ungdomslag. Mange av dykk har sikkert vore med i Valdreslaget i ungdomsdagane og kjenner kanskje difor til noko av kjerna i saken. For diskusjonen er ikkje ny. Sporsmålet om NU-medlemskap har vore aktuell fleire gonger. Sjovt om motsetnadene kan vere skarpe, trur eg likevel det er viktig å reise ein slik diskusjon. Eit lag bor og må diskutere kva slags rammer ein skal vere slutta til. Difor synest eg, som den store tvilaren eg er, at laget er tent, uansett, med ... denne diskusjonen. Engasjementet har vore stort, og motsetnadene stått hardt mot kvarandre, det viste lagsmotet som vart halde mandag 23. november, der emnet var utmeldingsaka. Det er mange ulike sider som vert belyst i denne saka, sider som for mange av oss nye medlemmar, men og sikkert dei gamle, er nye og ukjente. Eg vil belyse nokre av kjernepunktene i saka;

Dei ideologiske sidene i saka er kanskje dei som veg tyngst. Utover byrjinga av 1900-talet var det stor interesse for målsak og norskdomsrørsle, mest på bygdene, men og etterkvart i byane, der mange regionlag, med tilknyting til bygdene, og folte det naturleg å melde seg inn i Noregs Ungdomslag. Målsak, bunadsporsmål, konstruerte turdansar og anna nasjonalt var viktig i denne tida. Frilynde og tolerante samfunnsidear prega laga. NU kom til å bli sterke og mange utflyttar Valdrisar sokte til NU og Valdreslaget.

Folk hadde ei sterkt tilknytning til heimbygda, om ikkje meir enn no, så iallefal pā ein annan måte. Difor vart Valdreslaget ein trygg bastion for alle utflotte i motet med den store verda. Men tilknytninga til heimbygda og NU sine ideologiske standpunkt ser ut til å ha endra karakter. Og då er me inne ved nok o av kjerna i saken. Ideologiske sett har NU ikkje makt a endre seg i takt med

tida. Bunadsarbod, teater og lagsidrett cr ikkje lengre kva dei einskilde laga er interessert å arbeide med. Dei einskilde laga har vandra vidare i takt med tida. Det har ikkje NU. Hovedarbeidet i laget er i dag springaren, lagshytta, samt nokre kurs i langeleik i ny og ne, og ikkje målsak, store nasjonale diskusjonar. Valdreslaget er meir eit spel- og dansarlag enn eit ungdomslag. Dei aktive medlemma i laget er først og fremst interessert i folkemusikk- og folkedans. Det regionale har vunne over det nasjonale.

Valdreslaget har halde hus i Norddalh Brunsgt. 22 i mange år. Det er dermed mange følesar og gode minner frå "blåsalen" og "halli". Dessutan er staden godt eigna for dei aktivitetane som foregår i laget. Ein skal leite lenge etter ein tilhaldstad som har dei same kvalitetane som i Norddalh Brunsgt. Melder laget seg ut, missar me ein del av dei privilegia som me no har, bl.a låg husleige. Det betyr likevel ikkje at Valdreslaget framleis kan leige lokale i Norddalh Brunsgt.

På den økonomiske sida er det mykje som talar for utmelding. Mykje av medlemspengane til Valdreslaget går attende til NU. Svært lite av dette kjem Valdreslaget til gode. Ved ei utmelding vil me stå fritt i å disponera våre eigne midlar. NU er eit pengesluk som ikkje tener Valdreslaget.

Helsing Knut i Brota, med vondé feta, varamann i Valdreslaget.

AKTIVITETAR I VALDRESLAGET I OSLO, VÅREN 1999

Hausten-98 har vore eit bra semestér i laget, med relativt stor aktivitet. Me har om lag 100 medleamar, og av dei møtast 10 par til øving i Nordahl Brunsgt. 22. Me har arrangert nybyrjarkurs, og me har prøvd å få til eit tilbod med eldre instrument på Frognersetra. Trass i sterkt diskusjon om utmelding av Noregs Ungdomslag eller ikkje, er dei fleste av medlemane framleis på talefot. Som avslutning på halvåret arrangerer me 11. desember rafkifest!

11. januar: Fyrste øvingskveld kl. 19.30
25. januar: Øving kl. 19.30
08. februar: ÅRSMØTE
22. februar: Øving på «Gamla, Stortorvets gjestgiveri» i samarbeid med folkemusikkpøben kl. 18.30-20.00.
Opplæring og rekryttering av nye medlemmar.

Skamstenger
2 høier het ingefær
I ts nellikk
I ts kandemannavognar
2 ss rosiner
skalitt aw 1/2 appdin

Kok på senk varme til lokken er redusert til idet bruke. La den sta' og arkjoles over matten. Om morgenen, når skiene er smurt, giles deken og varmes opp til kakepannenes og en fløke rodbin av endel type belles i Fjell på termos med engang. Og siu - ut på tur og tilbri sun!

Gatharim dricker man i de østerrikske ørene. Her kommer en stenkranne som vi har last oss å sette pris på under mange års vinterhøst i de jordiske fjellene. Sørleg i Kull, på Arendalsnes

bekide. Den har vi rygt denne rørene drikkene på inn i regn avslop-

ren av fallingskaka.

Slik har vi lært os å lage den:

Dagen før skituren forbereder vi:

2 liter kold smakoke i en kjele en heltime sammen med føl-

gende ingredienser:

1 dl sukker

- Øving annakvar mandag utover våren.
-Dato for vidaregåande kurs i springar er ikkje fastsett enno.
-Øving i eldre instrument på Frognersetra restaurant, truleg med langeleikkurs.
11-12. mars: Tur til Göteborg, kurs og fest for og med svensk folkedansgruppe.

Informasjon:
Frode H Rolandsgard, tlf. 22380598

J'unn drikksfra. Kall

"Gatharim dricker man i de østerrikske ørene. Her kommer en stenkranne som vi har last oss å sette pris på under mange års vinterhøst i de jordiske fjellene. Sørleg i Kull, på Arendalsnes bekide. Den har vi rygt denne rørene drikkene på inn i regn avslop-ren av fallingskaka.

Slik har vi lært os å lage den:

Dagen før skituren forbereder vi:

2 liter kold smakoke i en kjele en heltime sammen med føl-

gende ingredienser:

1 dl sukker

MINNEORD

HARALD RØINE

Onsdag 4. november fekk vi ei trist, men ikkje uventa melding: Harald var død. Vi var fullt klar over kor sjuk han var, men Harald prøvde heile tida å sjå lyst på det meste, og vi støttet han alle i det håpet han hadde om at dette skulle gå bra.

Ei veke seinare var slekt og vener samla i Rogne kyrkje for å fylgje Harald til grava. Kyrkja var fullsett, og kista var omgitt av eit hav med blomar. Familie og nære vener tok farvel ved kista, og vener frå folkemusikkmiljøet og sanglaget ga han ei siste helsing gjennom sang og musikk. Det var ei nær og fin stund. Vi var saman om å ha mista eit menneske som hadde betydd mykje for oss.

Etter jordfestinga var vi samla til minnestund på Heggernes motell. Sume kom langveges frå for å vera med Harald det siste stykket. Mange unge møtte også fram. Han vart minna gjennom gode ord, og ikkje minst tonar.

Harald var ein person som hadde mangt å tilføre andre. Han hadde ein fast, trygg personlegdom som gjorde han til ein god medspelar for menneske som trøng støtte i dagleglivet. Han hadde eit roleg, litt reservert vesen, men kunne blomstre opp i løgleg lag, og han hadde ein logn humor. Han var ein ærleg, stødig kar. Hadde han sagt noko, stod han for det. Du kunne like eller ikkje like synspunkta hans, men karen måtte du berre respektere.

Harald var ein framifrå spelemann og dansar, og han var eit førebilete og ein god lærermeister for yngre og eldre. Då han flytte opp hit frå Oslo, fann han fort plassen sin i Øystre Slidre spel- og dansarlag. Her vart han brukt som gruppeleiar for felegruppa, som kurshaldar i spel og dans, og dette siste året som nestleiar i laget. Han visste kva han ville, og han brann til det siste for å fremje dei folkemusikk-politiske synspunkta sine. Dette var kanskje ein av grunnane til at han takka ja til å sitja i styret for Valdres folkemusikklag den siste tida.

Harald levde i og for folkemusikken. Men han hadde samstundes glede av andre tonar. Siste leveåret song han bas i Øystre Slidre sanglag. Her fylte han plassen sin godt. Eg trur det var ei god oppleveling for han å få vera medspelar ein stad der ikkje alt kvilte på han sjølv, slik han nok sikkert kjende det mange gonger elles. Og det var viktig for han å oppleva dette saman med Sidsel, som kom inn som sopran på same tid.

Vi hadde berre ønskt å få ha dei begge med oss i mange år enno. Dei hadde endeleg kome i stand i den nye heimen sin, og Harald hadde så mykje han enno hadde lyst til å vera med på.

Det vart eit stort tomrom etter han mange plassar, og sjølvsagt aller mest i heimen. Men vi veit at Sidsel, Anders og Niels vil vera i lag med oss framover, så ofte dei kan.

Eg må til slutt få takke dei, alle tre, for måten dei har late alle som ynskjer det, få vera med dei sorga.

Fred over minnet.

Marit

"Ei spire til langeleikens renessanse" - boka om Ragna Brenno Frydenberg

No har boka om Ragna endeleg kome. Det er rektor og langeleikspelar Marit Hasle Solbakken som har forfatta boka. Tittelen høver bra til boka og seier mykje om Ragna sin betydning i langeleikmiljøet. Ho var ein aktiv spelar i ei tid då nettopp langeleiken stod svakt.

I denne tida var ho den einaste som ført vidare det særeigne spelet til far sin, han Ola Brenno.

Slik er det ikkje lenger. Låttane til Ola og Ragna blir i dag spelt av mange langeleik-spelrar.

"Ei spire til langeleikens renessanse" er skrive i nært samarbeid med Ragna. Ho har sjølv gjennom sitt 92 år lange liv skrive ned mange skildringar frå barndomen, arbeidstida og folkemusikklivet. Det er difor flott at alle desse opplysningane no er samla mellom to permer. I boka er det også nokre noter til slåttar Ragna spelar mykje.

Ragna er ein stor kulturperson. Statens kunstnarløn som ho fekk i 1998 er eit bevis på det.

Takk til både Ragna og Marit for det dykk har teke vare på.

Boka kan tingast hos Marit sjøl, Valdreslaget og ValdresFolkemusikklag.

Knut Aastad Bråten



BOKBOKBOKBOKBOKBOKBOKBOKBOKBOK

"Hopp-jenter -Hoppi"

No har boka om dei uredde jentene Johanne Kolstad og Hilda "Nusse" Braskerud kome. Dei er skreve av Karin Berg, styrar ved skimuseet i Oslo, og handlar om dei hoppeventyrerane som på byrjinga av 30-talet dukka opp på den nasjonale og internasjonale ski-area.

Dei to publikumsyndlingane var ikkje redde for luftige svev. Det hadde dei gjort frå dei var små, og jentene var ein naturleg del av hoppmiljøet i Nordre Land, der dei vaks opp. Holdninga vart annleis etterkvart som dei kvalifiserte seg til dei store renna. Jentene fekk ikkje lenger delta i sjølve renna, dei fekk rolla som pauseunderholderar og vart invitert til å åpne renn. På den måten bidro dei til å understreke kjønnsskilltet. Fordommar og nedarvu holdningar var ein bremsekloss for jentene sin utvikling. Det vart proklamert frå det offisielle ski-Noreg at "den tendensen som er oppe i tiden, at damene vil slå seg på hoppløp, ikke bør stimuleres."

Jentene skilde etterkvart lag. Johanne reiset til Amerika, medan Nusse vart verande igjen i Norge. Etter Amerikaopphaldet flytte Johanne til Vang, der ho budde heile sitt vaksne liv.



NYTT FRÅ STYRET

Det første «omorganiserte» styret har no kome godt i gang med arbeidet sitt (på tide...?). Me har hatt 5 styremøter, og hovudsakane me har arbeida med er

- Omorganiseringa av VFL
- Jørn Hilme stemmet
- Speleemannsskula
- Låt o' Link

Jørn-Hilme-stemnet

Som de kunne lesa i forrige utgåve av Låt o' Link, var Hilme-stemnet 1998 ein stor suksess på alle måtar. Stemnet hadde eit overskott på omlag kr. 80 000,-!!!!!!! Me har diskutert i styret om ein skal gjera endringar i høve til organiseringa av stemnet, - t.d om ein skal lage ei stifting. Det blir førebels ikkje gjort noko slik.

Når det gjeld overskottet frå årets stemne, blir dette fordelt slik:
30 000,- tilbake til Jørn-Hilme stemnet,
25 000,- til VFL og 25 000,- blir sett på ein konto til framtidige investeringar.

Planlegging av Jørn-Hilme stemnet '99 er allereide i gang.

Fleire av nemndleiarane frå i fjar tek ein ny tørn:

- PR - Frode Rolandsgard
- Konsert - Marit Karlberg
- Pynte/Rydde- Tone Voldhaug
- Vakt - Oddrunn Hegge
- Økonomi - Inger Marit Viken
- Kurs - Kristin Gulbrandsen

Men me manglar leiarar i følgjande nemnder:

- Mat
- Teknikk
- Tevling
- Premie

samt at me manglar LEIAR!

Har du lyst til å gjera ein innsats - eller veit du om nokon som kan «best på»....?

Nytt av året blir at Leiaren av hovudnemnda får me seg ein sekretær frå styret - Knut Aastad Bråten. Dette for å knytte betre kontakt mellom styret i VFL og Hilme-nemnda, og for å avgjorte Leiaren.

Låt o' Link

Det har vore noko att og fram me kven som skal ta initiativet til utgjeving av bladet.

For 1999 har me følgjande utgjevingsplan:

Nr. 1 - Fyrste veka i februar.

Ansvar: Begnaljom og Etnedal.

Nr. 2 - Fyrste veka i juni.

Ansvar: Øystre Slidre og Vårflaumen

Nr. 3 - Fyrste veka i september.

Ansvar: Vestre- Slidre og Valdreskværen

Nr. 4 - Fyrste veka i desember.

Ansvar: Styret

Alle lag er hjarteleg velkomne (= pålagde) til å koma med stoff til alle utgåvane!

Og ellers....

- VFL støttar bokutgjevinga til Marit Hasle Solbakken «Ei spire til Langeleikens renessanse» med kr. 3000,-


- Valdres Arrangement BA er nedlagt

- Alle lokallaga kan tilby aktivitetar under stemnet til Valdres Samband til sumaren.

- Runddansstemnet og Lokalkappleiken '99 skal arrangerast av Begnaljom spel- og dansarlag.

Jolehelsing frå styret

Andris.



Valdreskværen spel og dansarlag.

....også var hausten over.....!

Styret satset friskt sist på sumaren, og sette igang ymse øvingar og kurs, med noko variabel suksess....

Danseøvingane for ungar/ungdom har det vore bra oppslutning om det har vore jamnt omlag 15 på kvar øving, - 12 av desse er nye!

Dei 6 berømte «Småbukkadrn» skal ha mykje av æra for dette. Og dei er framleis etterspurde - neste store oppdrag er under NM på ski i Skrautvål....

Songøvingane har vore gjennomførte, - men med litt litra oppslutting. Samspeløvingar på fele har og gått som tidlegare, medan danseøvingane for vaksne vart avlyst pga lite framnøte.

MEN... me satsar på ny frisk over nyttår, - NY MELDING VIL FØLGJE!

GOD JOL!

Helsing styret

Juro

Jolebukkmoro / dansefest

Fleire lag har ynta frampå om at det er litt vanskeleg å få folk ut på danseøvingar og dansetilstelningar. VFL ynskjer difor å arrangere eit par felles dansekeldar for heile Valdres i halvåret.

Den fyrste vert på Valdres folkemuseum laurdag 8. januar i samband med museet si årlege jolebukkmoro.

Lokallaga stiller vakter, og det er ynskjeleg med maaange spelemenn og dansarar!

Utkledninga går gratis. Premierung. Kulde ingen hindring!



Vårflaumen

«Spreke jento og kåte kara, me vonar dø te Lo vi fara!»

Kom, kom, kom til 6.-dagsfesten på Lørendahus. Mykje god mat og godt drikke få du kjøpt. Gødt danselæte! Familiefest. (Sjå annonse i Valdres!)

Vårflaumen spel- og dansarlag startar opp att med barneleikarring og runddanskurs 15. januar. Barneleikarringen varar frå 18.00 - 19.00. Runddanskurset, som er ein oppfylgjar av kurset no i haust, varar frå 19.00 - 20.00. Me tek gjerne imot nye dansarar. Insturkør er Aud Søyland.